

Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne, Kulturavdelinga  
Sak nr.: 16/4-3

## Søknad Frå Nærøyfjorden Verdsarvpark om tilskot til prosjektet Berekraftig og bruksretta besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

### Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Nærøyfjorden Verdsarvpark får ei løyving på kr 100 000 til gjennomføring av prosjektet Berekraftig og bruksretta besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling, jf vedlegg 1.
2. Løyvinga vert finansiert av disponible midlar frå Statsbudsjettet kap. 1428 post 72.9 verdsarv.

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

#### Vedlegg:

Søknad frå Nærøyfjorden Verdsarvpark

Andre dokument som ikkje ligg ved:

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. Bakgrunn for saka

#### Grunnen for at saka er fremja

Sogn og Fjordane fylkeskommune har motteke ein søknad frå Nærøyfjorden Verdsarvpark, på vegne av Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap. Prosjektet Berekraftig og bruksretta besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling skal kartlegge, registrere og analysere ressursgrunnlaget i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap for å utvikle ein metode for berekraftig og bruksretta besøksforvaltning. Dei søker om 100 000 kroner frå fylkeskommunen.

Brukarmedverknad og ei høg grad av involvering vert vektlagd i prosjektet, slik at kunnskap og kompetanse vert overført til og forankra hos kommunale og regionale plan- og forvaltningsstyresmakter. Prosjektet har fått støtte av Forskingsrådet som vurderte det til å gje ei betydeleg samfunnsnytte.

#### Historikk - tidlegare vedtak

Det omsøkte prosjektet er ei vidareføring av forprosjektet Besøksforvaltning og lokal reisemålsutvikling. I 2014 vart det gitt ei administrativ tildeling til å utarbeide ei landskapskartlegging for verdsarvområdet som ein del av dette forprosjektet. Tildelinga var på til saman 200 000 kr, av dette kom 100 000 kr frå midlar som fylkesdirektør for næring har

fullmakt til å forvalte på vegne av styringsgruppa for reiselivsplanen, og 100 000 kr av midlar som fylkesdirektør for plan og samfunn har fullmakt til å forvalte.

Søknaden som no ligg føre omhandlar gjennomføring av hovudprosjektet og utarbeiding av ein plan for berekraftig besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling i verdsarvområda. For meir informasjon syner vi til vedlagt søknad frå Nærøyfjorden Verdsarvpark

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Målet med prosjektet er å finne ein balanse mellom å ta vare på viktige verneverdiar, gje dei besøkjande gode opplevingar og auke den lokale verdiskapinga. Prosjektet vil gjere det enklare for Verdsarvrådet å rapportere til UNESCO og forvalte verdsarven sine eineståande universelle verdiar (outstanding universal values, OUV) på ein berekraftig måte. Gjennom metoden i prosjektet vil kommunane kunne ta ei overordna rolle som utviklingsaktør innan reiseliv, stadutvikling, næringsutvikling og berekraftig lokalsamfunnsutvikling.

Delar av verdsarvområdet har i dag eit for stort trykk på turistar i delar av året, noko som utfordrar ivaretakinga av verdsarvverdiane og opplevinga til dei besøkjande. På andre tider av året, og stadar i verdsarvområdet er det svært få besøkjande. Det omsøkte prosjektet vil bidra til ein meir berekraftig bruk av verdsarvområda, samstundes som funna i prosjektet kan bidra til den lokale verdiskapinga og styrking av lokalsamfunna.

UNESCO har peika på reiselivet som den største trusselen mot verdsarven, samstundes som at reiselivet òg har det største potensialet for verdiskaping i området. Ved å få ein grundig og kunnskapsbasert besøksforvaltningsplan for verdsarvområdet vil kommunane og fylket kunne gå inn og ta ei overordna rolle i forhold til utviklinga av reiselivet slik at ein samstundes tek vare på området sine eineståande universelle verdiar som er grunnlaget for innskrivinga på verdsarvlista.

Kvart år får fylkeskommunen overført midlar frå Statsbudsjettet kap 1429 post 79 Verdsarv til ulike prosjekt i verdsarvområdet i Nærøyfjorden. Målet med tilskotsordninga er å forvalte stadane på UNESCO si verdsarvliste i tråd med forpliktingane i UNESCO sin verdsarvkonvensjon og dei internasjonale retningslinjene frå UNESCO. I spesielle tilfelle kan midlane nyttast til tiltak som indirekte medverkar til sikring av verdsarven. Tilskot kan gjevast til prosjekt for sikring, istandsetjing, overvaking og andre naudsynte tiltak.

Pr. i dag har fylkeskommunen ståande kr. 485 000 av tilskot som vi fekk og fordelte til konkrete prosjekt i 2011 og 2012. Prosjekta er ikkje gjennomført, og i vedtak av 16. juni 2015 trekte fylkesdirektøren tilbake desse midlane for å fordele dei til nye prosjekt i verdsarvområdet.

Primært ynskjer fylkesdirektøren at hovuddelen av tilskot frå post 79 går til konkrete istandsetjingsprosjekt av kulturminner i verdsarvområdet. Samstundes ser fylkesdirektøren behov for at ein del overordna prosjekt vert gjennomført for å bidra til at forvaltninga og bruken av verdsarvområdet vert gjort på ein god måte som tek vare på verdsarvverdiane i området.

Fylkesdirektøren vurderer prosjektet Berekraftig og bruksretta besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling til å vere eit overordna prosjekt som vi bidra til å sikre verdsarvområdet sine eineståande universelle verdiar på ein god måte. Prosjektet vil også kunne bidra til utvikling av lokalsamfunna i verdsarvområdet.

## **3. Konklusjon**

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor og rår hovudutval for næring og kultur til å gjere vedtak i tråd med framlegget.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)